



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 Molde

Arkivsak nr.	Lapenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandswnar	Dato
2014/137	7863/2016	020	SVIK/ SONHAV	29.06.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNEREFORMA - ENDELEG
VEDTAK AV ALTERNATIV

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 28.06.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 91/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Underforesetnad av tilslltningfrå Hornindal kommune skal under killepunkta i avsnitt 2 tilfoyst:
 - a. Den samanslåtte Volda og Hornindal konunune vil arbeide aktivt og målretta for å ha hest mulig kommunikasjonar overfjorden til bygdelaga på sor og vestsida av Voldsfiorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best nudig vis til ei kvar tid.
2. Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale nwd Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.
3. Volda Icomnaunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.
4. Underforesetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda Icomnumestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal konunune.
5. Volda Iconmune vil i samband med kommilnereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stinudere lokal og regional samfunnsutvikling.
6. Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta konunune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre foringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.

Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemda som innspel til det vidare arbeidet.

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonia Håvik
åvik konsulent

Sonja

Stormyra 2
6100 Volda

Telefön:

Telefaks:
70058701

Org. nr:
939 760 946

Bankgiro:
3991.07.81727

Kopi til:

Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2014/137

Arkivkode: 020

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
129/16	Formannskapet	28.06.2016
91/16	Kommunestyret	28.06.2016

KOMMUNEREFORMA ENDELEG VEDTAK AV ALTERNATIV

Handsaming i kommunestyret:

Dokument lagt ut på lesebretta den 23.06.16:

- Intensjonsavtalen vart sendt ut på nytt. I dokumentet som var utsendt, manglar to linjer nedst på side tre i intensjonsavtalen.
- Fylkesmannen — Søknad om utsettfrist for endeleg vedtak i kommunereforma når det gjeld alternativet overfrlkesgrensa, datert 22.06.2016.

Dokument lagt ut på lesebretta den 27.06.16:

- Opinion. Innbyggerundersøkelse kommunereform Volda mai-juni 2016.

Dokument utdelt i møtet:

- Protokoll frå formannskapsmøtet 28.06.16.
- Framlegg til vedtak i formannskapet frå ordföraren, Arild Iversen, Gunnar Strøm og Erlend Krumsvik.
- Intensjonsavtalen mellom Volda kommune og Hornindal kommune, der skilnaden i høve intensjonsavtalen mellom Stryn, Ilornindal og Volda er markert med raud skrift. - Opinion. Innbyggerundersøkelse kommunereJörm I/olda mai-juni 2016.

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

Intensjonsavtal

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

Formannskapet har merkander til avtalen. Ein føresetnad for godkjenning vert at følgjande avtalepunkt vert gjennomgått på nytt og endra i avtalen.

V{u•

Sitat fl'å planen i kursiv:

Pkt 2. Samfunnsutvilding

10

- Arbeide målrettafor dei vidaregåande s/adane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareførL Svært mange ungdomar i Volda er elevar ved Ørsta vidaregåande skule. Det er avgjerande for Volda at det vert lagt til rette for at denne skulen vert utvikla vidare. Det er store behov for oppgradering av bygningsmassen. Difor må satsing på Ørsta vidaregåande Skule tilføyast.
- Den nye kommunen vil utvikle potensialefor reiselivsutvikling der skisenlerel i Hornindal inngår i strategien.
Det er fleire skisenter i regionen. (Hornindal, Volda, Ørsta, Stranda..) Telcsta bøl' endrast til: Skisentra i regionen skal inngå i denne strategien.
- Kommunen skal vere pådrivarfor utbygging avfølgjande prosjek[:
 - o Realisering av E39 i samsvar medføreliggande planar o RV 15, Strynefjellsvegen med «arm» til Geirclnger o FV 60 Grodås-Møre grense(Røyarhus bru)

For å balansere denne satsinga må framtidig Voldsfjordkryssing (ferjeavløysingsprosjekt) og rassikring av FV 40 Dalsfiorden inkluderast i avtalen.

Pkt 3 Betre tenester e Austefjord s/ade skal inngå i opptaksområdet til Hornindal Skule
Dette punktet bør førebels gå ut av avtalen og utgreiast i Volda kommune.

Pkt 5 Prinsipp for politisk styring
Det må i avtalen tydleg formulerast at Fellesnemnda ikkje skal ta viktige avgjerder men kome med forslag til løysingar som skal godkejnast av kommunestyra. Jfr også pkt 7 om kommunenamn og kommunevåpen.

Pkt 7 Kommunnamn og kommunevåpen ° Kommunenanm og kommunevåpen vert å beslemme av Fellesnemnda

I)ette må endrast slik: Kommunenanm og kommunevåpen vert å bestemme av kommunestyra.

Pkt 8 Interkommunale selskap/samarbeid Dette kapitlet må omarbeidast.
Forslag til ny tekst:

Volda kommune har eit godt etablert samarbeid med andre kommunar på Søre Sunnmøre. Det er naturleg at Hornindal kommune sluttar seg til dette arbeidet.

10

Det vart halde gruppemøte.

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og siste avsnitt i tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Arild Iversen fekk åtte røyster og framlegget frå formannskapet (siste avsnitt) fekk 19 røyster.

Pkt. 1 i tilråding frå formannskapet fekk 16 røyster, 11 røysta mot.

Pkt. 2 i tilråding frå formannskapet fekk 19 røyster, 8 røysta mot. PIO. 3 i tilråding frå formannskapet fekk 21 røyster, 6 røysta mot. Pkt. 4 i tilråding frå formannskapet fekk 20 røyster, 7 røysta mot. Pia. 5 i tilråding frå formannskapet fekk 27 røyster.

Pkt. 6 i tilråding frå formannskapet fekk 20 røyster, 7 røysta mot.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og siste avsnitt i tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå formannskapet (siste avsnitt) fekk 19 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Arild Iversen fekk åtte røyster og fall.

Pkt. 1 i tilråding frå formannskapet fekk 19 røyster og vart vedteke, 8 røysta mot.

Pkt. 2 i tilråding frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke, 4 røysta mot.

Pkt. 3 i tilråding frå formannskapet fekk 17 røyster og vart vedteke, 10 røysta mot.

Pkt. 4 i tilråding frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke, 7 røysta mot.

Pkt. 5 i tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 i tilråding frå formannskapet fekk 22 røyster og vart vedteke, 5 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 28.06.2016:

1. Underforesetnad av tilslutningfrå Hornindal Iconunune skal under killepunkta i avsnitt 2 tilfbyas't:
 - a. Den samanslåtie Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målreitafor å ha best millig kommunikasjonar overfiorden til bygde/aga på sor og vestsida av Voldsfjorden. Dettefor å knyte kommunen i hop på hest nudig vis til ei kvar tid.
2. Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Ilornindal og Stryn, IC-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek konununestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, dateri 20. juni 2016.
3. Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtalcet i PS-sak 76/16, plit 4.
4. Underforesetnad av ti/svarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunest.pre at Volda blir samanslegen med Hornindal konunune.

5. Volda konunune vil i samband med kommunereforma stinudere til samarbeid med Ørsta og andre konununar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.
6. Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andreforingar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nyeforhandlinger nwd Ørsta kommune.

Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemda som innspel til det vidare arbeidet.

Handsaming i formannskapet:

Ettersending av dokument 23.06.2016:

Intensjonsavtalen vart sendt ut på nytt. I dokumentet som vart utsendt, manglar to linjer nedst på side tre i intensjonsavtalen.

Fylkesmannen — Søknad om utsett fristfor endeleg vedtak i kommunereforma når det gjeld alternativet over fylkesgrensa, datert 22.06.2016.

Ettersending av dokument 27.06.2016:

Opinion. Innbyggerundersøkelse kommunereform Volda mai-juni 2016.

Dokument utdelt i møtet:

Intensjonsavtalen mellom Volda og Hornindal kommunar, der skilnaden i høve intensjonsavtalen mellom Stryn, Hornindal og Volda kommunar er markert med raud skrift.

Ordføraren kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Underföreselnad av tilslutningfrå Hornindal kommune skal under kulepunk[a i avsnii/ 2 tilføyast:
 - Den *samanslåtte* Volda og Hornindal kommune vil arbeide a/div[og *målretta* Jör å ha bes/ mulig kommunikasjonar over fjorden [il bygdelaga på sør og vestsida av Volds:/jorden. Delte Jbr å knyte kommunen i hop på besl mulig vis [il ei kvar tid.
2. Kommunestyre/ vis^ver li/ vedleken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-s^ta/c 71/16. Eller som dei ikkje er aktuelt med s•amanslåing med Stryn, vedtek kommuneslyrel vedlagt intensjonsav/ale med Hornindal, daler/ 20. juni 2016.
3. Volda kommunestyre vedlek å gjeve om inkje vedlakel i PS-sak 76/16, p/c/ 4.
4. Underförese/nad av (ilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedlek Volda kommunes/lyre al Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.
5. Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for

mellom å nå miljø- og klimamål, utvikle bedre offentlige tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.

Arild Iversen kom med slikt framlegg til endring/tillegg til intensjonsavtalen:

Intensjonsavtale

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

Formannskapet har merkander til avtalen. Ein føresetnad for godkjenning vert at følgjande avtalepunkt vert gjennomgått på nytt og endra i avtalen.

Sitat frå planen i /awsiv:

Pkt 2. Samfunnsutvikling

- Arbeide målretta for dei vidaregåande s/adane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareført.
Svært mange ungdomar i Volda er elevar ved Ørsta vidaregåande skule. Det er avgjerande for Volda at det vert lagt til rette for at denne skulen vert utvikla vidare. Det er store behov for oppgradering av bygningsmassen. Difor må satsing på Ørsta vidaregåande skule tilføyast.
- Den nye kommunen vil utvikle potensialet for reiselivsutvikling der skisenteret i Hornindal inngår i strategien.
Det er fleire skisenter i regionen. (Hornindal, Volda, Ørsta, Stranda..) Teksta bør endrast til:
Skisentra i regionen skal inngå i denne strategien.
- Kommunen skal veve pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt..
 - Realisering av E39 i samsvar medføreliggande planar o RV 15, Strynefjellsvegen med «arm» til Geiranger o FV 60 Grodås-Møre grense(Røyarhus bru)

For å balansere denne satsinga må framtidig Voldsfjordkryssing (ferjeavløysingsprosjekt) og rassikring av FV 40 Dalsfjorden inkluderast i avtalen.

Pkt 3 Betre tenester o Austefjord skule skal inngå i opptaksområde/ lil Hornindal Slade Dette punktet

bør førebels gå ut av avtalen og utgreiast i Volda
kommune.

Pkt 5 Prinsipp for politisk styring

Det må i avtalen tydleg formulerast at Fellesnemnda ikkje skal ta viktige avgjerder men kome med forslag til løysingar som skal godkejnast av kommunestyra. Jfr også pkt 7 om kommunenamn og kommunevåpen.

Pkt 7 Kommunenamn og kommunevåpen o Kommunenamn og kommunevåpen vert å bestemme av Fellesnemnda

Dette må endrast slik: Kommunenamn og kommunevåpen vert å bestemme av kommunestyra.

Pkt 8 Interkommunale selskap/samarbeid Dette kapitlet må omarbeidast. Forslag til ny tekst:

Volda kommune har eit godt etablert samarbeid med andre kommunar på Søre Sunnmøre Det er naturleg at Hornindal kommune sluttar seg til dette arbeidet.

Gunnar Strøm kom med slikt oversendingsframlegg:

Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemnda som innspel til det vidare arbeidet.

Prøverøysting:

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Gunnar Strøm og Arild Iversen. Det vart røysta alternativt mellom framlegga. Framlegget frå Arild Iversen fekk to røyster (Arild Iversen og Odd A. Folkestad). Framlegget frå Gunnar Strøm fekk sju røyster.

Erlend Krumsvik/I<rF kom med slikt framlegg til nytt pkt. 6:

Volda kommune [ek vedtake[[il Ørsta konmaune [il vitende, og erkjenner al intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom siallig mynde eller S/orlingel &jem med andre Jøringar eller vedla/c vil Volda kommune være positive [il å star[e nye Jørhandlinger med Ørsta kommune.

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå ordføraren:

Pkt. I fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

Pkt. 2 fekk sju røyster, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Arild Iversen)

Pkt. 3 fekk seks røyster, tre røysta mot (Gunnar Strøm, Odd A. Folkestad og Arild Iversen) Pkt. 4 fekk sju røyster, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Arild Iversen) Pkt. 5 fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

rer. :

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Erlend Krumsvik:

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Gunnar Strøm og framlegget frå Arild Iversen. Framlegget frå Arild Iversen fekk to røyster (Arild Iversen og Odd A. Folkestad) og fall. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk sju røyster og vart vedteke.

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Arild Iversen)

Pkt. 2 fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Arild Iversen)

Pkt. 3 fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Arild

Iversen) Pkt. 4 fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og

Arild Iversen) Pkt. 5 fekk åtte røyster og vart vedteke, Odd A. Folkestad røysta mot.

Pkt. 6 fekk åtte røyster og vart vedteke, Odd A. Folkestad røysta mot.

Tilråding i formannskapet - 28.06.2016 til kommunestyret: 1.

Under foresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunktta i

avsnitt 2 tilføyast:

- o Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar overfjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid.
2. Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale nwd Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.
3. Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.
4. Underforesetnad av tilsvarende vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.
5. Volda kommune vil i samband med kommunereforma stinmlere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utpilde betre offent/egen tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.
6. Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde

eller Stortinget kjem nwd andrefbringar eller vedtak vil Volda komnume være positive til å starte nye forhandlinger nwd Ørsta kommune.

Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnenula som innspel til det vidare arbeidet.

ref.:

Tilråding:

Vedleggsliste:

- 1 . Notat frå ordføraren 21.06.2016 vedk. Gjenopptaking av sak PS 76/16 Kommunereform — Endeleg vedtak av altenativ.
- 2 Intensjonsavtale — Samanslåing av Hornindal og Volda kommune d.s. 20.06.2016.
- 3 Skriv frå Ordføraren i Hornindal vedk. Kommunestruktur d.s. 20.06.2016
- 4 Melding om vedtak PS sak 76/16 Kommunereforma — Endeleg vedtak av alternativ
- 5 Innbyggerundersøkjing kommunereform Stryn, Hornindal og Volda

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Hornindal kommune

ref.:



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 Molde

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/137	7761/2016	020	SVK/ UNNISTRA	24.06.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNEREFORMA - ENDELEG VEDTAK AV ALTERNATIV.

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 16.06.16, hadde føre ovannemnde som sak PS 76/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune.

Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0.9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.

3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).

4. Volda kommunestyre ønsker at Volda kommune skal slå seg saman med Hornindal kommune. Før endeleg vedtak skal det haldast folkerøysting.

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:

Ørsta kommune	Dalevegen 6	6150	ØRSTA
Hornindal kommune	Pb 24	6761	HORNINDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnmøre regionråd IKS	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
KS Møre og Romsdal			
Forhandlingsnemnda i Volda			

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2014/137

Arkivkode: 020

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
106/16	Formannskapet	07.06.2016
26/16	Ungdomsrådet	08.06.2016
113/16	Formannskapet	14.06.2016
76/16	Kommunestyret	16.06.2016

KOMMUNEREFORMA - ENDELEG VEDTAK AV ALTERNATIV.

Handsaming i kommunestyret 16.06.2016.:

Fylgjande dokument var lagt ut på lesebretta den 15.06.16:

- Møteprotokoll frå møte i formannskapet den 14.06.16 der formannskapet ga si tilråding til k-sak PS 76/16
- Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersøking i høve til Hornindal og Stryn – gjennomført i mai/juni 2016
- Notat frå rådmannen datert 13.06.16

Gunnar Strøm kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 4 og 5:

Volda kommunestyre ønsker at Volda kommune skal slå seg saman med Hornindal kommune. Før endeleg vedtak skal det haldast folkerøysting.

Arild Iversen kom med fylgjande felles framlegg på vegne av Krf og Frp som alternativ til pkt. 5 og nytt pkt. 6.

Nytt pkt 5:

Resultatet av innbyggjarundersøkinga om Volda, Stryn og Hornindal gir ikkje eit klart råd til Volda kommune om samanslåing.

Nytt pkt 6:

Før kommunestyret gjer endeleg vedtak om eventuell samanslåing mellom Volda og Hornindal, skal det difor i månadsskiftet august-september haldast folkerøysting. Endeleg vedtak skal gjerast i løpet av september

Det vart halde gruppemøte.

Arild Iversen trekte fellesframlegget på vegne av Krf og Frp og slutta seg til Gunnar Strøm sitt framlegg. Framlegget frå Gunnar Strøm vart då å rekne som eit fellesframlegg frå SV, Krf og Frp.

Prøverøysting:

Fellesframlegget frå Sv, Krf og Frp fekk 16 røyster. 11 røysta mot.

Røysting:

Pkt. 1, 2 og 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 4 og 5 i formannskapet si tilråding og fellesframlegget frå SV, Krf og Frp, fekk fellesframlegget 14 røyster og vart vedteke. Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune.

Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei framførte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0.9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.

3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggjargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggjargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).

4. Volda kommunestyre ønsker at Volda kommune skal slå seg saman med Hornindal kommune. Før endeleg vedtak skal det haldast folkerøysting.

Handsaming i formannskapet 14.06.2016:

Dokument utsendt på møtedagen:

- Vedlegg til PS 113/16 – Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersøking i høve til Hornindal og Stryn – endeleg vedtak, datert 13.06.2016.

Rådmannen orienterte om saka.

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal møtte under handsaminga av saka.

Ordføreren kom med slikt framlegg:

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.
2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. *Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.*
3. *Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).*
4. *Kommunestyret ser ut frå ei samla vurdering det ikkje tenleg å holde fram som eiga kommune.*
5. *Under føresetnad av tilsvarende vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.*
6. *Sidan innbyggargranskinga viser klar tilslutning til samanslåing, finn Volda kommunestyre at det ikkje er turvande med folkerøysting.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

- A) *Resultata frå folkerøystingane i Volda, Ørsta og Stryn er no kjende. Volda kommunestyre vil med bakgrunn i desse røystingane, avslutte drøftingane med Ørsta kommune og Stryn kommune om kommunesamanslåing.*
- B) *Først etter avhalde kommunestyremøte i Hornindal den 30/6, vil Volda kommune vite om det er aktuelt å føre dialog vidare med Hornindal med sikte på kommunesamanslåing.*
- C) *Slik stoda i kommunereformsaka har blitt, vil det vere aktuelt for Volda kommune snarleg å kontakte nabokommunane Eid og Vanylven for å avklare om det kan vere aktuelt å gå i samarbeidsdrøftingar med nokon av desse. Fullmakt til å gjennomføre slike sonderingsdrøftingar blir gjeve til ordføreren.*

Det vart halde gruppemøte.

Odd A. Folkestad trekte framlegget sitt.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Forslag 1:

A) *Resultata frå folkerøystingane i Volda, Ørsta og Stryn er no kjende. Volda kommunestyre vil med bakgrunn i desse røystingane, avslutte drøftingane med Ørsta kommune og Stryn kommune om kommunesamanslåing.*

B) *Først etter avhalde kommunestyremøte i Hornindal den 30/6, vil Volda kommune vite om det er aktuelt å føre dialog vidare med Hornindal med sikte på kommunesamanslåing. Dette må det straks meldast frå til fylkesmannen om.*

Forslag 2:

Slik stoda i kommunereformsaka har blitt, vil det vere aktuelt for Volda kommune snarleg å kontakte nabokommunane Eid og Vanylven for å avklare om det kan vere aktuelt å gå i samarbeidsdrøftingar med nokon av desse. Fullmakt til å gjennomføre slike sonderingsdrøftingar blir gjeve til ordføraren.

Prøverøysting:

Det vart røysta punktvis over forslag 1 frå Odd A. Folkestad.

Pkt. A fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik), sju røysta mot.

Pkt. B fekk ei røyst (Odd A. Folkestad), åtte røysta mot.

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Pkt. 2 Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren fekk seks røyster, tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster (Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume og Odd A. Folkestad).

Pkt.3 Tilleggsframlegg frå ordføraren fekk sju røyster, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik).

Pkt. 4 Tilleggsframlegg frå ordføraren fekk fire røyster (Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Sindre Rotevatn og Anders Egil Straume), fem røysta mot.

Pkt. 5 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk seks røyster, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknes).

Pkt. 6 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk seks røyster, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknes).

Røysting:

Odd A. Folkestad sitt framlegg «Forslag 1» fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta mot.

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster og vart vedteke.

Pkt. 2 Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren fekk sju røyster og vart vedteke, tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume). Pkt.3 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik).

Pkt. 4 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk fire røyster og fall (Jørgen Amdam, Frida Sortehaug, Sindre Rotevatn og Anders Egil Straume), fem røysta mot.
Pkt. 5 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknnes).
Pkt. 6 Tilleggsframlegget frå ordføraren fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Rebecca Riise Bjerknnes).

Odd A. Folkestad sitt framlegg «Forslag 2» fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta mot.

Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret:

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.

3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).

4. Under føresetnad av tilsvarende vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.

5. Sidan innbyggargranskinga viser klar tilslutning til samanslåing, finn Volda kommunestyre at det ikkje er turvande med folkerøysting.

Handsaming i ungdomsrådet 08.06.2016:

Volda ungdomsråd tek saka til vitande.

Ungdomsrådet synest arbeidet kring kommunereforma har vore nyttig og svært lærerik. Vi set stor pris på å bli involvert i prosessen.

Røysting:
Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Volda ungdomsråd tek saka til vitande.

Ungdomsrådet synest arbeidet kring kommunereforma har vore nyttig og svært lærerik. Vi set stor pris på å bli involvert i prosessen.

Handsaming i formannskapet 07.06.2016:

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal, var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen orienterte om saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 07.06.2016:

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0.9 %.**
- 2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøystinga tilrår Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune.**

Saksvedlegg:

- Intensjonsavtale Volda-Ørsta kommune
- Økonominotat. Vedlegg til intensjonsavtalen om felles Volda-Ørsta kommune

- Innbyggerundersøking i Ørsta kommune og Volda kommune, mai 2015
- Swot-analyse av reformalternativ, ved leiargruppene, februar 2016
- Intensjonsavtale Volda-Hornindal og Stryn kommune
- Notat dat.11.04.2016–Basisinformasjon Volda, Hornindal og Stryn - Kommunereform - Kommunereforma-
Ev oppfølging av alternativ til Volda og Ørsta.

Uprenta saksvedlegg:

- Samanfating Open-space-prosess; Saman mot nye høgder... Muligheiter og utfordringar i ein ny kommune

Tidlegare saker om kommunereforma handsama i Volda kommunestyre:

1. PS-sak 107/14 Kommunereform - Prosess med utgangspunkt i komm.prp. 2015, 28.08.14,

2. PS-sak 164/14 Kommunereform – Strategi for vidare arbeidet, 18.12.14
3. PS-sak 70/15 Kommunereform – Status pr. 1. halvår 2015, 18.06.15
4. PS-sak 126/15 Kommunereform – Oppnemning av forhandlingsnemnd, 26.11.15
5. PS-sak 10/16 Kommunereform - Rådgevande folkerøysting om intensjonsplan for å slå saman Volda kommune og Ørsta kommune, 02.02.16
6. PS-sak 21/16 Kommunereform – Utviding av mandat, 25.02.16,
7. PS-sak 46/16 Melding om politisk vedtak - Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar. 21.04.16
8. PS-sak 47/16 Melding om politisk vedtak - Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar. 21.04.16

Samandrag:

Stortinget fatta våren 2014 vedtak om å gjennomføre ei kommunereform. Hovudmåla for reforma er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

I tråd med framdriftsplanen for reformarbeidet skal kommunen fatte endeleg vedtak om samanslåing **innan 1. juli 2016, som er Fylkesmannen sin frist.**

Saksopplysningar:

INNLEIING

I samband med at kommunane skal fatte endeleg vedtak har Fylkesmannen bedt kommunane om å greie ut om lokal prosess og resultat av prosessen, og å synleggjere fordelar og ulemper ved å halde fram som eiga kommune kontra samanslåingsalternativ. Saka fyl oppgitt mal frå Fylkesmannen.

Vedlegg til saka er dokumentasjon av lokal prosess.

Grunnlaget for saka er i hovudsak eigne kartleggingar og drøftingar (SWOT-analysar), innbyggjarhøyringar, framforhandla intensjonsavtale med Ørsta, og rådgevande folkerøysting. I saka er gitt att hovudtendensar frå undersøkingane. Rapportar og analyser i sin heilskap ligg som vedlegg.

Vidare vert det synt til framforhandla intensjonsavtale med Hornindal og Stryn som er eit alternativ til konstallasjonen Volda og Ørsta.

Fylkesmannen si tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal vil ligge føre 1. oktober 2016. Deretter skal kommunaldepartementet utgreie lovproposjonar for ny kommunestruktur og oppgåver til kommunane som vert lagt fram for Stortinget våren 2017. Nye kommunar vil gjelde frå 1. januar 2020.

Stortinget skal også handsame regionstrukturen våren 2017.

PROSESS I VOLDA.

Milepælsplan

Fase 1, haust 2014. Volda kommune - vedtak om løp II oppstart analysearbeid.

- Innbyggjarundersøking haust 2014

Fase 2, vår og haust 2015: Internt analysearbeid og møtedeltaking på ulike areaner.

- Døftingsnotat 1-6 til formannskapet (vinter-vår)
- Innbyggjarundersøking (mai 2015)
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyret om å inngå forhandlingar med Ørsta kommune og evt andre interesserte kommunar.
- 05.11.15, 18.12.15, 11.01.16, 21.01.16: Sonderingsmøter Volda/Ørsta
- 19.12.15: Uformelt møte med Hornindal og Stryn **Fase 3, vinter-vår 2016:**
- 20-21.01.16: Felles ope kommunestyremøte med Ørsta.
- 21.01.16: Førebuaende samtalar slutført
- 29.01, 04.02, 11.02, 18.02, 23.02, 15.03.16: Forhandlingsmøter om intensjonsavtale
- 15.03.16: Intensjonsavtale Volda-Ørsta kommune signert
- 31.03.16: Felles kommunestyremøte Volda-Ørsta. Gjennomgang av intensjonsavtalen
- Sonderings- og forhandlingsmøte med Hornindal og Stryn i perioden mars og april
- 14.04.16: Intensjonsavtale Volda-Hornindal-Stryn signert
- 21.04.16: Politisk vedtak i kommunestyret om at framforhandla intensjonsavtale blir lagt til grunn for folkerøysting 19. mai.
- 21.04.16: Politisk sak i kommunestyret om Volda kommune sitt forhold til Hornindal og Stryn kommunar
- 19.05.16: Folkerøysting.
- 26.05.16: Politisk sak i kommunestyret der intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn vart vedteken, og der det vart gjort vedtak om innbyggjarundersøking i høve ulike alternativ i høve til Hornindal og Stryn.
- 16.06.16: Endeleg vedtak i kommunestyret

Denne saka vil også gå til ungdomsrådet til uttale. Denne vil liggje føre til kommunestyret 16. juni.

Utgreiingar

Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og mulegheiter for regional utvikling og attraktivitet.

Møreforskning/ Telemarksforskning, januar 2015. Oppdragsgivar Volda kommune og Ørsta kommune.

Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføring av kommunereformen.

Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar. BDO, februar 2015. Oppdragsgivar Sunnmøre regionråd.

Kommuneanalyser: 5 rapportar frå formannskap med bakgrunnsnotat frå rådmannen om dei mest sentrale område i kommunereforma. Haust 2014/vår 2015.

Kommunebilde - Volda kommune - eit grunnlagsdokument for dialog mellom Volda kommune og Fylkesmannen 19.05.2015

Saman mot nye høgder.... Muligheiter og utfordringar i ei ny kommune.

Rapport frå felles kommunestyremøte for Ørsta og Volda kommunar, Loen 20.-21.januar 2016, med tema kommunereform. Open Space metodikk. Ordførarar frå Stryn og Hornindal, ungdomsråda i Ørsta og Volda og leiarar i Ørsta og Volda til stades. Prosessleiing og rapport ved Hege Steinsland.

Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen, sjå

<http://www.volda.kommune.no/sjolvbetening/rullering-av-kommuneplanen-sinsamfunnsdel.28455.aspx>.

SWOT-analyse leiargruppene Ørsta og Volda kommunar, 3. februar 2016.

Andre sentrale dokument som er lagt til grunn for saksutgreiinga:

- Regjeringa sette ned eit ekspertutval som kom med ei delutgreiing i mars 2014.
http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/rapporter/Kriterier_for_god_kommunestruktur_rettet.pdf
- Meldingsdel til kommuneproposisjonen 2015 som inneheld viktige utviklingstrekk, mål for reforma, reformprosessen og virkemiddel i reforma.
http://www.regjeringen.no/pages/38624199/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf
- Kommunal- og forvaltningskomiteen la fram si innstilling 12. juni (Innst. 300 S (2013-2014)) om kommuneproposisjonen 2015. Saka vart handsama i Stortinget 18. juni.
<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2013-2014/140618/1/>

Val av alternativ

Volda kommune vurderte tidleg sonderingar med kommunar i ytre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid) og etter kvart også over fylkesgrensa (Hornindal, Stryn). Det var også kontakter mot regionkommune Sunnmøre, Stranda og Eid. Politisk valde ein tidleg å prioritere førstevalet med Ørsta, og har målretta arbeid for ein intensjonsavtale med Ørsta. Volda har også hatt samtalar med Hornindal og Stryn, og forhandla intensjonsavtale med Stryn og Hornindal.

Intensjonsavtaler

Volda kommune har utarbeidd intensjonsavtale med

- Ørsta kommune (signert 15.mars 2016)
- Hornindal og Stryn kommunar (signert 14. april 2016)

Involvering av tillitsvalde og ungdomsrådet

Volda har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Dei har aktivt hatt dialog med og følgd opp ungdomsrådet, og tillitsvalde har vore informert og inviterte til møter, også i forhandlingsmøta.

Involvering av innbyggjarar

Kommunen har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Tidleg i prosessen vart det etablert ein 'tenketank' med brei samansetjing, tillitsvalde og leiargruppa er jamleg informert og har levert innspel til prosessen. Tillitsvalde er representert i intern arbeidsgruppe for reformarbeidet og var inviterte til forhandlingsmøta (observatør). Ungdomsrådet, formannskapet og kommunestyret i Ørsta er jamleg informert om framdrift og resultat i prosessen.

Det har vore gjennomført to innbyggjarhøyringar og ei folkerøysting:

- *September 2014, ved Sentio Research på oppdrag av Sunnmøre regionråd*

- *Mai 2015, ved Sentio Reaserch på oppdrag av Ørsta kommunestyre og Volda kommunestyre - 19. mai 2016, rådgjevande folkerøysting*

Som førebuing til folkerøysting 19. mai la Ørsta og Volda i fellesskap ein informasjonsstrategi. Det vart m.a. utarbeidd felles brosjyre og felles informasjon på nettet. Brosjyren er distribuert til alle husstandar og bedrifter i Ørsta og Volda.



Særlege aktivitetar i Volda i forkant av rådgjevande folkerøysting:

- *Møte om kommunereforma og forelesning ved Geir Vinsand NIVI-analyse på Volda vidaregåande skule.*
- *Folkemøte i 2. mai i Austefjorden og i Volda sentrum 3. mai.*
- *I veke 15 arrangerer ungdomsrådet i Volda konkurranse mellom skuleklassene på ungdomsskulane og Volda vidaregåande skule om kommunereform. Vinnarane vert kunngjort 11. mai*
- *Ope møte med ordføraren, Volda folkebibliotek, 4.mai*
- *Kafebesøk, Ørsta og Volda, 7. mai. Begge ordførarane på ulike kafear for å svare på spørsmål*
- *Volda ungdomsråd arrangerer informasjonsmøte på Volda ungdomsskule med tema kommunereform. Ørstaungdomen vart invitert.*

RESULTAT VOLDA

Innbyggjarundersøking september 2014

På oppdrag av Sunnmøre regionråd vart det hausten 2014 gjennomført ei innbyggjarundersøking blant alle sunnmørskommunane om kommunereforma. Undersøkinga viser at det både i Ørsta og Volda er der stor del av innbyggjarane som ønskjer kommunesamanslåing generelt. Ved spørsmål om kven dei kan tenkje seg å slå seg saman med svarar heile 86 % av dei spurte frå Volda at dei føretrekk Ørsta kommune. Neste prioriterte kommune er Ulstein med 13 %. Tilsvarande har 94 % av dei spurte i Ørsta prioritert Volda som den kommunen dei helst vil slå seg saman med. I kommunane Ørsta og Volda er det elles låge andelar som ynskjer samanslåing med andre kommunar i regionen.

VOLDA VIL HA VIL DEI HA VOLDA?

Ørsta (86 %) Ørsta (94 %)

Vanylven (12 %) Vanylven (32 %)

Hareid (11 %) Hareid (11 %)

Ulstein (13 %) Ulstein (12 %)

Herøy (12 %) Herøy (9 %)

Sande (8 %) Sande (14 %)

Innbyggerundersøking mai 2015

Våren 2015 vart det gjennomført ny innbyggerundersøking i Ørsta og Volda, denne gongen på oppdrag av dei to kommunestyra. Føremålet var å kartlegge innbyggjarane sitt syn på kva alternativ kommunen skal arbeide vidare med fram mot folkeavrøysting våren 2016. Sentio gjennomførte undersøkinga og skriv dette i si oppsummering:

I Volda mener 11 prosent at spørsmålet om kommunesammenslåing er svært viktig, og 15 prosent mener det ikke er viktig. Hovedvekten ligger også her på midten av skalaen. 56 prosent av de spurte mener Volda bør slå seg sammen med en eller flere av nabokommunene, og gir indikasjon på et relativt sikkert flertall. 34 prosent ønsker kommunestruktur som i dag. Motstanden mot kommunesammenslåing er betydelig større blant de under 30 enn blant de eldre. Dersom det blir bestemt at kommunesammenslåing skal gjennomføres nevnes Ørsta av 88 prosent av de spurte, og er dermed kommunen som er klart oftest nevnt som kandidat for sammenslåing.

I Ørsta mener 15 prosent at spørsmålet om kommunesammenslåing er svært viktig, og like mange mener det ikke er viktig. Hovedvekten ligger på midten av skalaen. Videre mener nær halvparten av de spurte at Ørsta i fremtiden bør slås sammen med en eller flere kommuner, mens fire av ti mener kommunestrukturen bør være som i dag. Tendensen er likevel ikke entydig nok til å konkludere med et sikkert flertall for kommunesammenslåing. Dersom det blir bestemt at kommunesammenslåing skal gjennomføres, skiller Volda seg soleklart ut som det foretrukne alternativet, nevnt av 87 prosent av de spurte.

SWOT-analyse av reformalternativ, ved leiargruppene i Ørsta og Volda

I februar 2016 gjennomførte leiargruppene i Ørsta og Volda ei SWOT-analyse. Seksjonane vurderte hovudmåla i reformarbeidet med utgangspunkt i eigen fagståstad, og i høve ulike reformalternativ. Jamt over er dei tilsette i bae kommunane positive til ei samanslåing, og trekte særleg fram føremoner ved større og styrka fagmiljø, felles utviklingsarbeid og arealplanlegging og økonomistyring. Resultat frå kartlegginga ligg som vedlegg i saka.

Folkerøysting 19. mai 2016

19. mai vart det gjennomført folkerøysting i Ørsta og Volda over framforhandla intensjonsavtale. Innbyggjarane i Ørsta skulle svare ja eller nei til om Ørsta kommune skulle slå seg saman med Volda kommune. Både i Ørsta og Volda var det røysterett for 16-åringar.

Resultat av folkerøystinga i Volda: Valdeltaking:

48,9 %

Ja til Volda-Ørsta: 30,5 %

Nei til Volda-Ørsta: 68,9 %

Blank: 0,8 %

Resultat av folkerøystinga i Ørsta: Valdeltaking:

50,4 %

Ja til Volda-Ørsta: 37,3 %

Nei til Volda-Ørsta: 61,8 %

Blank: 0,9 %

VURDERING AV ALTERNATIV I EIT FRAMTIDSPERSPEKTIV

Volda vurderte tidleg sonderingar med kommunar på Ytre søre Sunnmøre, og over fylkesgrensa. I løpet av fase 2 valde ein politisk å prioritere Ørsta kommune som det klare førstevalet, og har deretter arbeidd målretta for ein intensjonsavtale med Ørsta. Intensjonsavtalen opnar for Hornindal og Stryn i neste fase.

Under fyl kommunen si vurdering av på kva måtar hovudmåla for kommunereforma vert oppfylt innanfor alternativa Volda åleine og ei samanslåing av Volda og Ørsta kommunar. Vurderinga bygger i hovudsak på Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen, eigne kartleggingar (SWOT), innbyggjarhøyringar og framforhandla intensjonsavtale med Ørsta.

Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar i lys av framtida sine utfordringar


Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet fagleg/administrativt for å kunne gje innbyggjarane dei tilboda dei etter lov, føresegner og statlege føringar elles har krav på.

Det er sterke sentraliserande prosessar på gang. Kor vidt desse kan få konsekvensar for strukturen for dei ulike tenestene kommunen leverer i dag er vanskeleg å spå.


Rekruttering av fagpersonar innan dei ulike tenesteområda vil bli ei utfordring i åra som kjem

Om Volda held fram åleine vil dette få konsekvensar for tenesteproduksjonen. Ein hovudårsak er store demografiske endringar.

Volda har hatt ein positiv folketalsvekst siste åra. I 2010 var tal på innbyggjarar 8 573. Ved inngangen til 2016 budde det 9 037 personar i Volda. Tala viser at Volda i åra framover får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar. At andelen av eldre aukar skuldast både at folk lever lengre og at det vert fødte færre born enn tidligare. I fylkeskommunen sin Kommune-statistikk har Volda demografisk sårbarheit på 7 av 10.



Ei aldrande befolkning får konsekvensar for tenestetilbodet. I dag har Volda i overkant av 3 arbeidstakarar per pensjonist, som er under fylkesgjennomsnittet. I takt med endringane i folkesamansettinga (fleire eldre- færre yngre) vil dette talet synke i åra framover og forsørgarbyrden per arbeidstakar vert større.



Regjeringa sitt opplegg til nytt inntektssystem favoriserer kommunar som slår seg saman, og det vil gje ein strammare kommuneøkonomi for kommunar som vel å stå åleine utan at dei kjem under kategorien ufrivillig åleine (sjå punkt om økonomi under). Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar. Dette kan medføre mindre fleksibilitet og tilbod i kommunale tenester. Prinsipp om likeverd i tenestetilbod kan verte utfordra. Ein føremon ved å halde fram som eigen kommune er større nærleik til tenester, og større grad av politisk myndigheitsutøving.

Om Volda og Ørsta vert ein kommune vil ein få større og sterkare fagmiljø og meir spesialisering og spisskompetanse til å levere kommunale tenester. Med dette vil ein vere i stand til å tilby meir spesialiserte tenester, og tenester for marginale grupper. Sjølv om det på grunn av store avstandar og vanskelege kommunikasjonar sikkert vil verte verande mindre kommunar enn Volda etter reforma, så opplever rådmannen at Volda til tross for ein storleik på vel 9 000 innbyggjarar har for små og sårbare miljø innanfor enkelte felt. Dette kan på dei fleste område kompenseres med interkommunalt samarbeid, men dette er ikkje like effektivt som når det ligg direkte i styringslina under kommunestyret og rådmann. Beredsskap er eit døme på eit slikt spesialisert felt der kommunar som Volda og Ørsta i lag kunne samla seg om ein større ressurs som kunne spesialisere seg og drive førebyggjane arbeid som ein i heile organisasjonen kunne dra veksling på i høve til risikovurdering og planlegging. Topografiske og klimamessige faktorar tilseier at Volda og Ørsta burde hatt større ressurs til å prioritere beredsskapsarbeid.

Habilitetsutfordringar vil også minske og det vil truleg verte lettare å rekruttere.

Staten har sterkt fokus på kommunen som tenesteytar, og tilsyns-/kontrollregimet gjenspeglar at staten er meir oppteken av kommunane som reiskap for rettighetssamfunnet enn som samfunnsutviklar. Leiarane i kommunar på storleik med Volda og mindre vert sterkt involvert i det operative, og strategisk utviklingsarbeid vert det ofte for lite tid til. Større kommune vil gi rom for større kapasitet til utviklingsarbeid og innovasjon som vil ha positiv verknad for både tenesteutviklinga og samfunnet.

På minussida kjem lengre avstandar mellom tenesteytar og (ein del av) innbyggjarane. Mange einingar, t.d. innanfor barnehage, kan verte utfordrande.

Ei anna minusside kan vere at folket etter ei kommunesamanslåing vil ha store forventingar til målsettingar og opplevde lovnader i intensjonsavtalen som vil liggje til grunn for ev samanslåing. Dersom kommunestyret i den nye kommunen på grunn av nødvendige økonomiske prioriteringar eller

ynske om annan politisk retning, må gå vekk frå til dømes lovnad om å halde på dagens tenestestruktur, fordeling av kommunale areidsplassar mv, så kan det gi negativ oppleving og reaksjonar hos ein del av innbyggjarane. Ein intensjonsavtale er ikkje bindande.

Framtidig behov for interkommunalt samarbeid

Mange av dei kommunale tenestene Volda leverer i dag er organisert gjennom interkommunalt samarbeid. Døme på dette er barnevern (Ørsta, Volda, Hareid, Ulsteinvik), renovasjon, dagtilbod funksjonshemma, landbruk, NAV og PPT (Ørsta, Volda) og IKT (Vanylven, Sande, Hareid, Herøy, Ulstein, Ørsta og Volda). Samarbeid om desse og andre tenester vil ein framleis vere avhengig av i framtida, og truleg i større grad enn i dag om Volda held fram som eiga kommune. Motsett vil ein truleg kunne redusere talet på slike samarbeid ved ei samanslåing mellom Volda og Ørsta.

Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggerane

Ut frå klagestatistikken frå fylkesmannen ser det ut til at Volda kommune ligg rimeleg godt an. Kommunen sin storleik må vere slik at kompetansen og kapasiteten kan vere god nok, med t.d. spesialkompetanse på ulike felt. Ikkje alle får svar innan rimeleg tid etter forvaltningslova. Dette går ikkje på kompetanse, men på ressursprioritering.

Tillit er sentralt ved myndigheitsutøving, slik at vurderingar og avgjerder vert gjort rett, og oppfatta som rette. Dei som skal handsame sakene (administrativt og politisk) er objektive og ikkje let seg påvirke. Av og til er det ein fordel med nærleik og lokal kunnskap, medan i andre samanhengar kan det vere det ein fordel å vere større og ha større avstand.

Om Volda held fram som eiga kommune vil kapasitet, relevant kompetanse og habilitetsproblematikk ha same utfordringsnivå som i dag. Problemstillingar knytt til habilitet og rettstryggleik vil truleg verte betre ivaretekne i ein større kommune.

Det kan i dag i enkelte høve vere vanskar med rekruttering til enkelte fagområde og dette er ein svakheit som kan påvirke rettstryggleiken til innbyggerane. Ein dobbelt så stor kommune som Volda er i dag vil ha eit større fagmiljø på alle fagfelt. Dette vil medføre mindre sårbarheit og eit miljø som samla sett er tyngre fagleg. Føresetnaden er at ein har tydeleg og god toppleieing som set standard for god kultur med høg grad av brukarperspektiv. Her kan det vere ulik kultur mellom kommunane i dag, og ved ev samanslåing vil det vere ein stor prosess å utvikle ein felles kultur der ein får brukt ressursane best mogleg i høve til oppdraget.

Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

Samfunnsansvaret til kommunen handlar i hovudsak om tilrettelegging overfor næringsliv/arbeidsliv og frivillig arbeid. Vidare handlar det om arealpolitikk (planlegg/utvikling) og ha tilstrekkeleg kapasitet.

Heilskapleg utvikling er sentralt. Volda kommune har i dag etter måten god ressurstilgong, godt med areal og tilgjengelege tomter. Kommunikasjonane i kommunen er relativt gode, men mellom sentrum og vestsida i Volda er det ei utfordring

Dei offentlege arbeidsplassane i Volda er kanskje ikkje trygge. Må ha fokus på dette, samtidig må ein ha fokus på utvikling av private arbeidsplassar.

For at lokalsamfunnet skal fungerer optimalt, må det leggast slik til rette at innbyggjarane både skal kunne trivast og meistre kvardagen. Først då er grunnlaget for vekst og utvikling til stade.

Lokalkunnskapen er god. Dette er føremoner med tanke på samfunnsutvikling på lokalt nivå. Fagmiljø for utvikling i kommunen er små og sårbare, og kommunen har i dag åleine relativt lite utviklingskraft. For å ivareta ei heilskapleg utvikling av areal- og transportinteresser, miljøomsyn mm i framtida må Volda kommune søke meir samarbeid, lokalt og regionalt.

Alternativet Volda-Ørsta vil få vesentleg større strategisk kapasitet og har potensial til å verte eit regionalt tyngdepunkt. Ørsta og Volda er i dag senter for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Om lag 50 000 personar kan nå Volda-Ørsta i løpet av ein time, og på 1,5 timar heile 120 000.

Alternativet vil gje betre og meir samordna arealutnytting til bustad- og næringsføremål, samordna og spissa satsing på næringsarbeid og etablerarar. Volda-Ørsta vil få meir påverknadskraft overfor sentrale og regionale styresmakter, og bli ein større og meir ressurssterk kommune betre rusta til å handtere nye og større oppgåver. Gjennom å utvikle Volda-Ørsta til den fjerde byen i fylket vil ein vere i ein posisjon for betre å behalde og styrke statleg arbeidsstyrke og realisere viktige samferdsel-, tryggleik- og miljøprosjekt i kommunen og regionen.

Utfordringane knytt til demografi, urbanisering, sentralisering og teknologisk utvikling stiller vesentleg større krav til at kommunane har eigenkraft til å initiere samfunnsutvikling og trekkje veksle på aktørane rundt i partnerskap for å skape attraktive samfunn. Dette er særleg viktig for distriktskommunar som står i sterk konkurranse med byregionssamfunn etter regjeringa sin definisjon. Ein ser at det er til større byar at statlege arbeidsplassar vert sentraliserte når statlege institusjonar vert flytta frå regiontettstadane som følgje av statleg reformpolitikk (t.d prosessane rundt tingrettane, jordskifte, politi, skattekontora, sjukehusa mv) . Det er ikkje unaturleg at folk i distrikta vert urolige for dei mange reformene som går parallelt, og effekten av statleg sentralisering som kjem i tillegg til dei ytre faktorane som verkar sentraliserande. Dette kan truleg også vere medverkande til negative resultat for samanslåing ved folkerøysting.

For Volda er særleg viktig å ha eigenkraft til å skape attraktivitet til å rekruttere kompetanse/nye innbyggjarar som skal arbeide på sjukehuset, høgskulen mv. Framtida for desse institusjonane handlar om at dei greier å konkurrere om den beste kompetansen. Dette føreset at vi er attraktiv som bukommune. Gode tenester er det grunnleggjande, men vertsstaden Volda må også ha opplevingstilbod som dekkjer urbane behov. Rådmannen meiner at for samfunnsutviklinga ville vi ha tent på at Volda og Ørsta var ein kommune som samordna ressursane og planla heilskapleg. Ein skal ikkje leggje skjul på at det kan ta tid før ein får ut ein slik effekt, da ein ev ny kommune vil kunne få prioriteringsutfordringar og geografiske interessekonflikter.

Vurdering av kommunen som demokratisk arena

Deltaking og engasjement i lokalpolitisk arbeid er ei utfordring i dagens samfunn. Nærleik til dei styrande og dei styrte har lange tradisjonar i det norske demokratiet, noverande struktur er kjent og lett å forholde seg til: Ordføraren si dør er open for alle....

Større kommune kan gje auka avstand til dei styrande generelt, vanskelegare å nå tak i ordføraren for den enkelte. Men: Kan vere positivt med fleire veljarar bak kvar representant.

Volda kommune har m.a. gjennom prosessen med revisjonen av Samfunnsplanen gjort eit vesentleg arbeid med tanke på involvering av innbygarane og ulike grupper i kommunen. Medverknad og involvering er også ein del av lokaldemokratiet.

Volda kommune i dag har stort politisk engasjement. Alle parti er representerte i kommunepolitikken og den geografiske representasjonen er god. Politikarane har god lokalkunnskap. Dette gir reell

innflytelse lokalt. Samarbeid med politisk nivå og administrasjonen er godt. Om Volda held fram som eiga kommune vil ein halde fram med lokal politisk styring og eit levande folkestyre lokalt. Habilitetsproblem og fokus på småsaker er trekt fram som svakheiter ved dagens styringsform.

Alternativet Volda-Ørsta vil ha formannskapsmodellen etter kommunelova § 8 som styringsform. Talet på kommunestyrerepresentantar i første valperiode er 43 medlemmar, som samla sett er ein reduksjon i høve til dagens nivå (Ørsta har i dag 33 medlemmer, Volda 27 medlemmer). Intensjonsavtalen har som mål å engasjere fleire innbyggjarar i politiske prosessar og legg opp til at grende- og bygdeutval med politisk mynde kan vere alternativ til nye medverknadsformer. På denne måten vil ein legge til rette for framleis levande folkestyre og ein aktiv lokalpolitikk. Ei identifisert utfordring i alternativet Volda-Ørsta kommune kan vere 'fogderikamp' og nominasjonsutfordringar.

Vurdering av økonomisk status og utvikling

Vurderinga under er frå Økonominotat, vedlegg til intensjonsavtalen. Dei siste prognosane om nytt inntektssystem er lagt inn:

- **Eingongsstønad og reformstønad**

Volda-Ørsta kommune vil få ein **eingongsstønad** på **20 mill kr** og **reformstønad** på ytterlegare **20 mill kr**. Eingongsstønaden vert utbetalt når Stortinget har godkjent samanslåinga, medan reformstønaden vert utbetalt når samanslåinga er gjennomført (dvs. 01.01.2020).

- **Inndelingstilskot**

Dagens ordning med inndelingstilskot vert vidareført for dei kommunane som slår seg saman. Volda-Ørsta kommune får difor behalde sine **to** basistilskot i 17,5 år (15+5nedtrapping). Etter 15+5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje-samanslåtte kommunar. Det gir kommunen god tid til å tilpasse seg nye rammevilkår. Eit basistilskot utgjør ei årleg overføring på **13,2 mill kr**. Periodeeffekt $13,2 \text{ mill kr} * 17,5 = \mathbf{231 \text{ mill kr}}$.

Volda-Ørsta kommune har eit effektiviseringspotensiale når dei får behalde **to** basistilskot i 17,5 år. I kva grad og korleis ein vel å ta ut dette vert eit politisk spørsmål som eit nytt kommunestyre må ta stilling til.

- **Nytt inntektssystem**

Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing innan ramma av kommunereforma, får behalde dagens inntektssystem i 17,5 år (15+5nedtrapping).

For dei kommunane som ikkje gjer eit slikt vedtak har Regjeringa sendt eit utkast til **nytt inntektssystem** på høyring med høyringsfrist 1.mars 2016, og ev iverksetjing frå 2017.

Forslag om nytt inntekssystem frå 2017 (avtale H, Frp, V).

KRD notat 26.04.	KS prognosemodell 02.05.16
2,0 mill kr mindre i året for Ørsta	3,63 mill kr mindre i året for Ørsta
2,6 mill kr mindre i året for Volda	4,96 mill kr mindre i året for Volda
Samla 80,5 millionar kroner	Samla 150,3 millionar kroner

(Ørsta+Volda) x 17,5 år + eingongsovergangsstøtte

Samla inntektstap for Volda-Ørsta kommune i inndelingsperioden dersom ein ikkje gjer vedtak om samanslåing: **80,5 mill kroner/ 150,3 mill kroner.**

Om ein ser på inntektstap for Volda isolert ser tala slik ut: $2,6 \text{ mill} \times 17,5 = 45,5 \text{ mill kroner}$ / $4,96 \text{ mill} \times 17,5 = 86,8 \text{ mill kroner}$. **Dette er tal ein må ta med visse forbehold da dei ikkje gir sikre indikasjonar på total effekt ettersom ein har med utgiftsutjamninga i desse tala. Ein veit ikkje kva samla effekt på endring i utgiftsutjamninga for Volda/Ørsta-alternativet endeleg vil utgjere.**

Stortinget si handsaming av nytt inntektssystem vil ikkje vere ferdig før vedtak om samanslåinga er gjennomført. Dei endelege endringane i inntektssystemet kan difor avvike frå prognosane som er vist her.

I kommuneproposisjonen som vart presentert 11. mai er det teke omsyn til fleirtalsopplegget mellom Høgre, Frp og Venstre. Som følgje av dette vert verknaden for Volda at vi vil tape årleg 3 mill. kr på strukturkriteriet dersom vi held fram som sjølvstendig kommune. Volda taper i tillegg på utgiftsutjamninga, og for 2017 er dette kalkulert til ein nedgang frå 11,3 mill kr i 2016 til 6 mill kr i 2017 (- 5,3 mill). Dersom Volda vel å slå seg saman med ein annan kommune kjem tillegg for strukturkriteriet, slik at nedgangen vert frå 11,3 mill kr til 9 mill kr i 2017 (- 2,3 mill). Effekten av sjølve utgiftsutjamninga vil vere rett å halde utanfor dette bildet ettersom ein ikkje har oversikt over korleis dette vert ved samanslåing til ny kommune.

Endringar av inntektssystemet og bortfall av delar av basistilskotet vil medføre at både driftsbudsjett og økonomiplanar vil måtte reduserast. Ein strammare økonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar.

Volda kommune har i dag god økonomistyring med overskot på drifta i 2015 på netto driftsresultat 27 mill. Analyse av KOSTRA-tal viser at kommunen driv effektivt og under forventa kostnadsbehov på mange tenesteområde. Eigedomsskatt er på lågaste nivå, 2 promille. Ut frå investeringsbehov og økonomiplan må Volda kommune pårekne ein auke i eigedomsskatten om tenestetilbodet skal oppretthaldast i framtida.

Etablering av den nye kommunen vil på sikt kunne frigjere økonomiske midlar, hovudsakleg ved samanslåing av felles administrative funksjonar. Ei samanslåing inneber derfor betydelege midlar som dei to kommunane elles vil gå glipp av, og betyr mulegheiter for å realisere gevinstar og felles prosjekt. I tillegg kjem reformstønad og mulegheiter til å søke på regionale utviklingsmidlar.

Avslutningsvis til vurdering av økonomi: Gjennom forhandlingane med Ørsta fann ein løysingar for verdifordeling (m.a. Tussa), lånegjeld og felles investeringar, jf. økonominotatet. Dette var på førehand identifisert som 'dei vanskelege spørsmåla'.

Forholdet til Hornindal og Stryn.

Volda kommunestyre handsama sak om *Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar* som PS-sak 47/16 21.04.16.

Det vart gjort slikt vedtak:

- 1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.*
- 2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.*
- 3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 4. Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.*

Volda, Hornindal og Stryn kommune har i dag få kommunale samarbeid. Dette er tradisjonelt betinga i høve til kommunikasjonane. Ein ser allereie at Kvisvsvegen har medført stor auke i mobilitet mellom kommunane våre og pendlinga mellom kommunane har auka monaleg. Denne trenden vil som fylgje av kommunikasjonane heilt sikkert berre auke anten kommunane slår seg saman eller ei.

Ei samanslåing vil sjølvsagt berre styrke denne trenden. Det vil likevel vere eit omfattande arbeid å endre på dei gjeldande kommunesamarbeida dei tre kommunane har i dag dersom kommunane vel å slå seg saman.

Intensjonsavtalen som vart framforhandla med Stryn og Hornindal var meint å utdjupe eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheiter for ny Volda-Stryn kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman.

Volda kommune har heile tida vore klar på at alternativet med Volda-Ørsta er det primære, men ynskjer å sjå andre alternativ dersom dette alternativet ikkje kan realiserast. I avtalen mellom Volda og Ørsta kommunar ligg der og føringar i pkt. 14 på at dersom Volda og Ørsta vel og slå seg saman kan Volda og Ørsta samla "gå i forhandlingar med Hornindal og Stryn".

Rådmannen er av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre så langt det er realistisk dersom alternativet er å stå åleine.

Rådmannen meiner at avtalen viser korleis kommunane kan møte framtida og sjå mogleighetene med ny og større kommune. Dette er ei god tilnærming til endring, der ein er aktiv med tanke på kva ein kan skape. Samtidig er spørsmålet om kryssing av dagens fylkesgrense eit interessant tema som ein også bør sjå i samanheng med regionreforma og framtida for organiseringa av sjukehusa (foretaksmodellen).

Som fylgje av resultatet av folkerøystinga 19. mai som gav eit fleirtal både i Volda og Ørsta om samanslåing av dei to kommunane vart sak om forholdet til Hornindal og Stryn handsama i kommestyremøtet 26.05.2016

Det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Volda kommunestyre vedtek Intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn kommune, datert 11. april 2016. Kommunestyret finn at avtalen også kan leggast til grunn dersom vidare prosess medfører at Volda og Hornindal kan verte eit sjølvstendig alternativ.*
- 2. Kommunestyret vedtek at det før vedtak i juni om kommunesamanslåing skal gjennomførast ei loka l innbyggjarundersøking der Volda, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune.*

Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

3. Volda kommune ber om at det vert søkt om forlenga frist for endelig vedtak om eventuell kommunesammenslåing.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommunestyre slutta seg til kommunereformarbeidet hausten 2014. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for lokale prosessar og involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar, kartleggingar av samanslåingsalternativ. Lokale prosess i Volda har fylt nasjonal framdriftsplan, med endeleg vedtak innan sommaren 2016.

Volda vurderte tidleg sonderingar med kommunar på Ytre søre Sunnmøre, og over fylkesgrensa. I løpet av våren 2015 valde ein politisk å prioritere Ørsta kommune som det klare førstevalet, og har deretter arbeidd målretta for ein intensjonsavtale med Ørsta. Intensjonsavtalen opnar for Hornindal og Stryn i neste fase. Intensjonsavtalen med økonominotat vart signert 15. mars 2016, og var grunnlag for rådgjevande folkerøysting i Volda kommune og Ørsta kommune 19. mai 2016.

Prosessene har vist at alternativet Volda-Ørsta kommune m.a. vil gje samdriftsfordelar, auka strategisk kapasitet, styrka fagmiljø og profesjonalisert tenesteyting, meir føreseieleg og styrka økonomi. Volda-Ørsta kommune utgjer i dag eit funksjonelt samfunnsområde med stor grad av dagleg arbeidspending mellom dei to sentra. Mykje av utviklinga i desse to kommunane må i større grad i framtida skje på aksene mellom Hovdebygda og Furene. Desse to kommunane har potensial til å verte eit tydeleg regionsenter og realisere og få gehør for å vere den fjerde byen i fylket. Føringsane i nytt inntektssystem, gjeldande frå 2017, er også tydelege på at kommunar som slår seg saman får økonomiske fordelar kontra dei som vel å halde fram åleine.

Rådmannen er av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre om ny Volda-Ørsta kommune, enn ved at Volda held fram som kommune åleine.

Alternativet Volda som eiga kommune inneber å vidareføre dagens struktur. Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar. Dette kan medføre mindre fleksibilitet og tilbod i kommunale tenester. Interkommunalt samarbeid vert truleg viktigare i framtida. Resultatet av folkerøystinga i båd kommunane var tydeleg nei til samanslåingsalternativet Volda-Ørsta kommune. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei framømte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.

Spørsmålet om kommunesamanslåing er komplisert. Kommuneekspert Geir Vinsand i Nivi Analyse har sagt at dette er så vanskeleg at ein kan ikkje forvente at innbyggjarane greier å skaffe seg tilstrekkeleg oversikt over dette, og at kommunestyret må ta eit sjølvstendig ansvar for å konkludere. Sjølv om vi veit ein del om dei økonomiske rammevilkåra, iallfall basert på forslaget til endra inntektssystem, så vert det meste basert på ein del tvil og tru. Dette gjeld både nullalternativet og alternativet med samanslåing. Samtidig så ser vi ut frå samfunnstrendane at samanslåing truleg er meir fordelaktig alternativ enn å halde fram åleine. Det er særleg det regionale perspektivet og kva ein gjennom større kommune kan få til for å styrke samfunnsutviklinga som er sentralt. Større fagmiljø

vil også gi betre tenester og større kapasitet på utviklingsressursar. Ekspertutvalet (Vaboutvalet) gjorde ei grundig utgreiing, og etter rådmannen si meining trefte dei godt da dei rådde til at kommunar på 15 - 20 000 er tilfredsstillande storleik.

Prosessen med sonderingar, kartleggingar og forhandlingar tilseier at alternativet Volda-Ørsta kommune har potensial for å kunne verte eit tydeleg regionsenter og ha dei kvalitetar som er lagt som mål for kommunereforma. Alternativet med Volda og Ørsta treffer godt i høve til målsettinga og kriteria for kommunereforma. Desse to kommunane utgjer felles bu- og arbeidsmarknad og eit felles funksjonelt samfunnsområde. Sentruma er integrerte samtidig som dei utfyller kvarandre. Kommunane har utstrakt interkommunalt samarbeid, og desse to samfunna er avhengig av kvarandre. Innbyggjarundersøkinga i begge kommunane er positive til samanslåing. Kommunestyra valte også å innhente råd frå innbyggjarane ved folkerøysting. Dersom rådmannen berre sat med informasjon frå innbyggjarundersøkingane og vurderingane opp mot mål og kriterier for kommunereforma, så ville rådmannen ha rådd til at desse to kommunane skulle slå seg saman. Dette ville da ha virka opplagt, med atterhald om usikkerheita omkring kor lang tid det ville ta for at desse to samfunna ville fungere slik at ein kunne ta ut potensialet. Dette er det ingen som veit på førehand. Resultat av folkerøystinga i baa kommunar er imidlertid tydelege på at innbyggjarane ikkje ønskjer dette alternativet no.

Storting og regjering har lagt opp til at kommunereforma skal vere ein demokratisk prosess bygd på lokal deltaking og engasjement. Kommunalministeren kommuniserte tidleg at denne reforma er tenkt å vere lokalsamfunna og dei lokale kommunestyra sin prosess. Dette ga forventingar til at lokalsamfunna også vert lytta til. Det har stilt seg annleis dersom reforma frå starten vart presentert med premisser om sterk statleg styring av framtidig struktur. Med relativt stor valdeltaking og sterk overvekt i retning av resultat, vert det ut frå demokratismsyn svært vanskeleg å seie at ein ikkje tek omsyn til kva folket meiner. Ordførarane i baa Volda og Ørsta var rett etter resultatane vart kunngjorde tydelege på at ein vil lytte til folket. Med bakgrunn i resultat av folkerøystinga, rår rådmannen derfor til at kommunestyret i Volda gjer vedtak om at Volda kommune ikkje slår seg saman med Ørsta kommune no.

Hornindal og Stryn:

Kommunestyret har no gjort vedtak om Intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn kommune. Det er vidare gjort vedtak om at avtalen også kan leggast til grunn dersom vidare prosess medfører at Volda og Hornindal kan verte eit sjølvstendig alternativ og at det vert søkt om forlenga frist for endelig vedtak om eventuell kommunesamanslåing.

Spørsmål om forlenga frist heng også saman med PS-sak 47/16 21.04.16 pkt.4. der det vart gjort vedtak om at før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.

Innbyggjarundersøkinga som kommunestyret vedtok 26.05 der Volda, Hornindal og Stryn er invitert til å delta, er no i ferd med å bli gjennomført. Resultatet av denne vil kunne gje ei avklaring på korleis dei 3 kommunane ser på ei evt. samanslåing. I tillegg skal Stryn kommune ha folkerøysting den 13. juni. Før resultatet av desse er det vanskeleg for rådmannen å konkludere kva ein skal tilrå i høve samanslåing med desse kommunane.

Vonaleg ligg resultatane føre før den 14.juni då formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret den 16. juni. Rådmannen vil då kunne gje si tilråding i høve til vidare prosess med Hornindal og ev også Stryn. Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak om folkerøysting vil ein ev vidare prosess vere avhengig av at fylkesmannen godkjenner utsett frist til å gjere endeleg vedtak.

Med så mange parallelle prosessar både lokalt, regionalt og nasjonalt er bildet nokså uoversiktleg. Dette gjer at mange kommunar synest det er vanskeleg å ta så prinsipielle viktige val med store

konsekvensar for framtida. Dette må staten ta ansvar for. Rådmannen ser ikkje vekk frå at det betyr at staten må opne for ein runde to på kommunereforma, og at dei kommunane som ikkje er klar for å slå seg saman med nokon no, kan få høve til å avklare og kome attende til dette innanfor ein fastsett frist. Dette er det Stortinget som må avgjere, men det kan vere klokt om Fylkesmennene og regjeringa lyttar til slike signal for å ta ansvar for at dette landet får eit kommunesystem som heng saman, er funksjonelt og legg grunnlag for berekraftig utvikling i heile landet. Samtidig må staten syte for ei økonomisk utvikling og økonomisk fordeling mellom kommunane som understøttar dette. Her gjenstår det enda mykje å gjere.

Rådmannen har ikkje funne det naturleg å drøfte andre kommunealternativ enn dei som kommunestyret har gjort vedtak om som aktuelle, og som det er inngått intensjonsavtale for.

Likestillingsmessige sider ved saka: Nei

[Konsekvensar for folkehelsa](#): Nei

Miljøkonsekvensar: Vurdert i tidlegare saker

Økonomiske konsekvensar: Vurdert i tidlegare saker

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Vurdert i tidlegare saker

Rune Sjurgard

Rådmann

Asbjørn Moltudal

Rådgevar

Kopi til

Forhandlingsnemnda i Volda

Ørsta kommune

Hornindal kommune

Stryn kommune

Sunnmøre regionråd

KS Møre og Romsdal

Utskrift av endeleg vedtak, saksutgreiing og vedlegg:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal